

Så flott vart kunstgrasbanen!!

12.10.2015



Eit smykke sentralt i bygda!

Kunstgrasbanen har vore svært mykje brukt etter at den vart ferdig for ei veke sidan. Kvar einaste dag har det vore mange fotballspelarar som har kosa seg på den. På eit tidspunkt søndag vart det talt til 35 samtidig. Vi har tidlegare vist flotte bilete frå lufta då banen var under arbeid. No har Espen Eik sendt oss bilete når den er ferdig. Dei er endå finare!!!

Bileta viser tydeleg at banen er blitt eit smykke sentralt i bygda. Når vi ser all aktiviteten, er det blitt den sosiale samlingsplassen med positiv aktivitet som ein håpa på. Og tenk når heile det flotte aktivitetsanlegget er ferdig! Dei som står i bresjen, og dei som deltar i alt dugnadsarbeidet, fortener verkeleg honnør for den standardheving dette tilfører bygda.





Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto m/ drone og gopro-kamera: Espen Eik